



Bjørn Arne Mo
Ikenberget 45
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3962 - 15/34943

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
13.11.2015

Vedrørende klage på vedtak i sak 088/15 og søknad om dispensasjon for oppføring av tomannsbustad - gbnr 137/771

Plan- og miljøutvalet har i utvalssak 148/15 presisert sitt vedtak i sak 088/15 då det var uklart for administrasjonen kva plan- og miljøutvalet hadde fatta vedtak om. Det presiserte vedtaket lyder slik:

PM - vedtak:

Det vert vist til plan- og miljøutvalet sitt vedtak i sak 088/15. Plan- og miljøutvalets vedtak vert presisert som følgjer:

«Tomten ligg som siste tomt i eit allereie eksisterande bustadfelt, og tomten kan nyttast til bustadføremaal. Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon frå Reguleringsplanen sin bestemmelse avsnitt A avsnitt 1, på følgjende vilkår: Utnyttingsgraden er 30 %-BYA. Det kan kun byggast ei bueining på tomta. Bygget kan kun være i to høgder, inklusiv underetasje.»

Denne presiseringa er ikkje ei endring av vedtaket i sak 018/15.

Vedtaket skal sendast på nytt til partane med ny klagerett.

Administrasjonen ynskjer å legge fram innsendte klage på vedtak i sak 088/15 fram for plan- og miljøutvalet til neste moglege møte dersom klagen framleis står ved lag etter avklaringa frå plan- og miljøutvalet i utvalssak 148/15.

Vi ber om ei tilbakemelding frå Bjørn Arne Mo og Trond Ivar Olsen om klagen står ved lag eller om klagen nå vert trekt som fylgje av avklaringa i plan- og miljøutvalet. Dersom vi ikkje mottek ei tilbakemelding frå Bjørn Arne Mo og Trond Ivar Olsen innan 04.12.2015 vert klagen handsama.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:



Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Arne Mo	Ikenberget 45	5911	ALVERSUND
Trond Ivar Olsen	Alvermarka 2	5911	ALVERSUND
Krom Holding AS	Kvassnesvegen 32	5914	ISDALSTØ